



Ruben Rødland Balestrand
Mykingvegen 906
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9989 - 21/4664

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
21.01.2021

Vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 30/12 Myr (Dalsgrend)

Administrativt vedtak: Saknr: 104/21
Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 30/12
Tiltakshavar: Ruben Rødland Balestrand og Sylwia Karolina Margas

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 7 fjerde ledd krev kommunen utbetring av avvik i septiktanken på eigedommen dykkar med gnr. 30, bnr. 12. Frist for retting er satt til 25.03.2021. Alver kommune skal underrettast når arbeidet er utført.

Med heimel i forureininglova § 73 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt NOK 15 000,- og ei dagmulkt NOK 200,- pr dag dersom utbetringa ikkje vert gjort innan 25.03.2021. Tvangsmulkta vil løpe i frå 01.04.2021.

Saksutgreiing

Vi viser til førehandsvarsel om pålegg om utbetring av septiktanken av 04.06.2020, med frist for retting **02.08.2020**. I førehandsvarselet ber me om tilbakemelding om at dette er gjort. Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding innan fristen.

Det er forureinar sitt ansvar å sørge for at tilhøva på forureiningsstaden ikkje verkar ureinande. Grunnboka visar at det er de som er eigare av eigedommen, og kommunen rettar difor pålegget til dykk.

Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt

Alver kommune har den 19.05.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning same dagen vart registrert høgt nivå og mogleg tett utløp i septiktanken på eigedommen dykkar. Høgt nivå i tanken kan tyde på at utløpet er tett. Tette utløp kan føre til at slam renn ut i grunnen med fare for forureining og for at menneske og dyr blir sjuke. I verste fall kan slam trenge inn i kjeller og sluk.

Føresegna i forureiningslova. § 7 seier at alle har ei plikt til å unngå forureining. Det følgjer av forureiningslova § 7 først ledd at «(I)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» utan at det er gjeve løyve til det.

Alver kommune har etter forureiningslova § 7 fjerde ledd mynde til å gje pålegg til den ansvarlege om utbetring av avviket innan ein nærare angitt frist.

Dersom kommunen innan ikkje har fått ei skriftleg tilbakemelding og biletedokumentasjon frå dykk med opplysningar om at tanken er utbetra, vil vedtaket tre i kraft.

Andre opplysningar

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdelseslova § 7-2.

Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Den som unnlet å treffe tiltak som han er pliktig til etter forureiningslova § 7, kan straffast med bøter eller fengsel i inntil 1 år, jfr. forureiningslova §§ 78 og 79.

Tilbakemelding

Når retting er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved biletedokumentasjon som syner at tanken er blitt reparert.

Dokumentasjon sendast til:

E-post post@alver.kommune.no

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining og sørge for retting når dette er skjedd følgjer av forureiningslova § 7.
- Illegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

Dersom de har spørsmål til saka, kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på epost.

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdelseslova § 7-2.

Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er **3 veker**, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/9989

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ruben Rødland Balestrand
Sylwia Karolina Margas

Mykingvegen 906
Mykingvegen 906

5913
5913

EIKANGERVÅG
EIKANGERVÅG